

## Intern evaluering av TVEPS vår 2015

Av koordinerende administrator Olin Blaalid Oldeide

### Introduksjon

Denne rapporten tek for seg TVEPS-praksis våren 2015. Rapporten er skriven for å oppsummere og evaluere TVEPS-praksisen i 2015. Rapporten er basert på diskusjon med leiargruppa, refleksjonsnotat frå studentar, samtaler med kontaktpersonar ved sjukeheimen og personlege erfaringar.

### Innhald:

- Forslag frå hausten 2014 – held vi det vi lovar?
- Studentgrupper
- Arenaer
- Veileiarar
- Tannhelsetenesta i Hordaland deltek i TVEPS
- Oppsummering - med auga mot hausten 2015

### Til vår 2015

Basert på erfaringar frå hausten 2014 konkluderte vi med at dette var det ein ville satse på til våren:

- Betre tilgang til kommunikasjon med studentgrupper frå HiB. Dvs. Administrator har fått tilgang til «its learning» (HiB si mi side). (Gjennomført)
- Informasjon til alle aktørar i god tid. (Gjennomført)
- Unngå endringar i dato for møter, pasientutredningsdagar og dialogmøter. (Gjennomført, eit møte vart avlyst grunna streik)
- Ha gode rutinar for godkjent/ikkje godkjent TVEPS deltaking. Desse opplysninga vil då verte registrert i FS. (Gjennomført)
- Unngå mange pasientutredningsdagar på same dag. Det auka presset på veileiarar og det er hensiktsmessig å spreie det ut. (Gjennomført)
- Utvikle eit samarbeid med tannhelsetenesta i Hordaland for å sikre at odontologar og tannpleiarar får fagleg tilbakemeldingar på dialogmøtet. (Gjennomført)



- Merke alt utlevert materiale til studentar med tidsfrist for innlevering og til kven det skal leverast. (Gjennomført)
- Rette ein innsats for å inkludere i større grad dei større profesjonsutdanningane på UiB. Spesielt vart medisin og psykologi skildra av studentane som ønska. (Gjennomført)
- Inkludere TVEPS meir i utdanningsløpet til alle studentar. Undersøke mogligheita for å integrere TVEPS grundigare i utdanningsløpet til UiB studentar også? (forsøker å gjennomføre)

### **Studentgrupper**

Våren 2015 pr. 18.03.15 bestod TVEPS-praksisen av følgjande studentgrupper:

UiB

Medisinstudentar: 22

Medisin (2-årsstudentar): 4

Farmasi: 21

Tannpleie: 14

Odontologi: 6

Ernæring: 2

Psykologi: 12

Manuellterapi: 2

Musikkterapi: 1

HiB

Sjukepleie: 12

Fysioterapi (3-året): 5

Fysioterapi (2-året): 6

Ergoterapi (2-året): 5

Vernepleie (2-året): 7

119 totalt frå UiB + HiB i og utanfor Bergen. Samanlikna med tidligare år hadde ein 110 studentar totalt i 2013 og 91 studentar totalt i 2014.



For administrerende koordinator er ein stor del av arbeidet å rekruttere ulike studentgrupper. Det mange lokale vriar for korleis dei ulike verte rekruttert. For eksempel:

- Høgskulemetoden: Studentane vel praksisstad der eit bestemt antal er knytta opp mot TVEPS-praksis. Stad og tid for TVEPS-praksisen vert informert om så snart den er klar. Deretter organiserer studenten med praksisstaden sin.
- Tannpleie og farmasi: Alle desse studentane skal ut i TVEPS-praksis og alle får difor kvar si gruppe i praksisperioden sin. Stad og tid for TVEPS-praksisen vert informert om så snart den er klar. Deretter organisere studentane sjølve med studiet for å delta i TVEPS.
- Medisin, odontologi og psykologi: Ein avtaler tidspunkt med forelesar for dei ulike studia då administrerende koordinator og TVEPS-medlem presenterer TVEPS-praksisen. Her tilbyr ein stundetane grupper med tidspunkt som studentane skriver seg på.
- Ernæring: Sender ut informasjonsmateriell på e-post anten på eiga hand eller gjennom administrativ kontaktperson på emnet. Ein mottar respons frå dei som er interessert og dei vert tildelt gruppe.
- Musikterapi og manuellterapi: Sender ut informasjonsmateriell på e-post og presenterer i forelesing med konkrete grupper med tidspunkt som studentane skriver seg på.

Denne varierende praksisen for dei ulike studia steler mykje tid. Det lettaste og organisere er studentar frå tannpleie, farmasi og høgskulen då dei er informert frå starten at ein skal delta i TVEPS. Ved å be dei ulike programutvala ved UiB ta stilling til korleis TVES-praksisen skal organiserast, kan det tenkast at det vil skape klarare rutinar.

### **Arenaer**

#### Bergensområdet, 23 grupper:

Fyllingsdalen sjukeheim: 4 grupper

Kleppestø sjukeheim: 2 grupper

Fjell sjukeheim: 5 grupper

Gullstøltunet sjukeheim: 4 grupper

Storetveit sjukeheim: 1 gruppe

Slettemarken sjukeheim: 2 grupper

Fysioterapisenteret (manuellterapikontor): 2 grupper



Haugesund, 1 gruppe:

Bjørgene omsorg- og utviklingscenter

Stavanger, 2 grupper:

Tananger Legesenter

Finnøy Legekantor

Førde, 1 gruppe:

Førde sentralsjukehus

Oslo, 3 grupper:

Madserudhjemmet

Tåsenhjemmet, 2 grupper

Før TVEPS-praksis har vi arrangert informasjonsmøte i Bergen for sjukeheimspersonalet. Denne praksisen hadde lite suksess hausten 2014 då berre ein sjukeheim møtte opp. I staden for informasjonsmøtet, så reiste representantar frå TVEPS si leiargruppa ut til sjukeheimane for å informere om TVEPS-praksis, orientere om praktiske forhold og sikre god relasjonar mellom TVEPS og praksisarenaer. Dette verkar å hatt positiv verknad og sikra god informasjonsflyt. I tillegg har det ver nyttig for å strømlinje forme TVEPS-praksisen, då ein informerer om kven som burde delta på dialogmøte, kva pasientar som er egna og sikra at studentane har tilgang på rom og journal.

Når TVEPS-praksisen er slutt så vil administrerande koordinator sende ein e-post til dei deltakande institusjonane, der ein takka for samarbeidet, oppsummere tankar om korleis TVEPS-praksis er opplevd og inviterer til vidare samarbeid for hausten 2015.

### **Veileiarar**

Ein viktig kvalitetssikring for prosjektet er rolle ein veileiar spelar. Ein veileiar fungerer som eit bindeledd mellom TVEPS og arenaen og sørgjer for at alle vert godt teken hand om. Ein veileiar informerer administrator om praktiske forhold som oppmøte av studentar, og sikrar god dialog på dialogmøtet.



Våren 2015 stod leiargruppa for veileiinga av TVEPS-grupper. Dette var grunna praktiske omsyn, då det viste seg vanskeleg for andre å delta. Dette er ein praksis som ikkje kan fortsette, då arbeidsmengda er for stor på ei lita leiargruppe. I 2015 forsøkte vi også å redusere veileiarbesøk på erfarne sjukeheime på pasientutredningsdagen. Dette verte avtalt på førehand med studentar og sjukeheim. Ein slik ordning, der ein ikkje deltek på pasientutredningsdag, vil kunne tenkast å gjere det enklare å delta som veileiar i TVEPS.

### **Tannhelseteneste i Hordaland sin deltaking i TVEPS**

Etter eit møte med administrativ koordinator og TVEPS leiar så sendte Fylkestannlegen ut ein førespurnad til tannklinikkar med tilknytning til sjukeheimar der TVEPS-grupper med odontologistudentar og tannpleiestudentar var. Førespurnaden omhandla å få dei lokale tannlegane og tannpleiarane til å stille på dialogmøter. Dette gjer ein av to hovudgrunar. 1: Tannpleie- og odontologistudentar får moglegheita til å få tilbakemelding på det faglege arbeidet dei gjer i TVEPS. 2: Ein håper å skape eit tettare band mellom tannklinikkar og sjukeheimar. Dette vart testa ut i tre omgangar ved Fjell sjukeheim. Veileiar frå TVEPS rapporterte at det var meget positivt. Det vart understreka at det er viktig at også tannhelsepersonell får tilsendt tiltaksplan i god tid.

### **Analyse av refleksjonsnotat frå studentar våren 2015:**

- Også dette året får TVEPS veldig mykje ros frå deltakarane. Fleire skildrar at dette har vort svært lærerikt og det opplevast som viktig for studentane.
- Studentane opplev at tida i TVEPS-praksis er noko knapp., men ein utviding av TVEPS-praksis i omfang vil kunne hindre at så mange ulike deltakar kan delta.
- Fleire studentar oppfordrar til ein obligatorisk dag for arbeid med tiltaksplanen. Dette burde mogleg formaliserast i sterkare enn berre anbefaling.
- Studentar rapportera at det er urettferdig med forskjellen mellom dei ulike studieprogramma med tanke på tid tileigna til TVEPS.
- Medisinstudentar framhevast som viktige deltakarar i TVEPS-team og generelt ynskjer studentane mest mogleg ulike studiegrupper som delaktige i TVEPS-team.
- Å arbeide med demente pasientar opplevast av studentane som vanskeleg då det krev at personalet må vere svært tilgjengeleg.
- Studentane ynskjer meir informasjon om tiltaksplanen.
-



- Høgskulestudentar rapportera om at praksisstaden deira ikkje var godt nok informert om TVEPS-praksis.
- TVEPS-team i Stavanger rapporterte generelt om manglande informasjon. Dette er fordi to medisinstudentar ikkje ville delta likevel og nye praksisstadar og medisinstudentar mått oppdrivast på noko kort tid.
- Ein student skildrar at studentar som vart rekruttert opplevde ein høgare grad av motivasjon og arbeidslyst, enn dei som deltok som ein obligatorisk aktivitet. Difor foreslår studenten å «selge inn» prosjektet også til desse studentane for å sikre høg motivasjon.
- Tannpleiestudentar opplev at sistesemester er ein svært stressande tid og det vart foreslått å heller ha studentar frå 4. eller 5. semester.
- Manuellterapistudentane følte seg ikkje modne nok til å delta ettersom dei var nettopp starta på studiet. Ein burde vurdere å utsette deltakinga til seinare semester.

#### **Til hausten 2015, forslag til tiltak:**

- TVEPS vil sende ein førespurnad til dei involverte studieprogramma sine programutval for å sementere TVEPS i studieprogramma. Dette vil kunne gjere at TVEPS vert meir integrert i timeplanen, ein sikrar i større grad legitimitet for TVEPS i studiet, og det kan bidra til ei auke i TVEPS sin kommunikasjon med studieprogram, samt fleire kan delta som veileiarar.
- Arbeide for å inkludere sosionomstudentar i TVEPS-praksis.
- Forsette med informasjonsmøta på sjukeheimen i tida før TVEPS-praksisen set i gang.
- Arbeide for å strømlinje rekrutteringsarbeidet av studentar.
- Inkludere i oppstartsmøte presentasjonen og anna materiell at vi forventar at studentane organiserer minst eitt eigenorganiserte møte for å skrive tiltaksplanen tverrfaglig.
- Vurdere korleis samarbeidet med Tannhelsetenesta i Hordaland best mogleg kan vidareutviklast.
- Etter mykje prøving kan ein konkludere med at teamstørrelse på 5-studentar per team er optimalt og bør fortsettast.
- Grunna tilbakemeldingar frå studentar og erfaringar frå administrator anbefalast det å ikkje ha mentorgruppe-studentar som vanlege medlem i TVEPS. Dei fleste studentar opplev det som positivt at ein er ved slutten av studieløpet, og grunna at desse er ganske nye så er dei noko usikre.



HØGSKOLEN  
I BERGEN



BERGEN KOMMUNE



- Inkorporer sterkare ein «obligatorisk dag» for arbeid med tiltaksplan i TVEPS-perioden.
- Tydeleggjere kva ein tiltaksplan skal innehalde ovanfor studentar.
- Revider rutinane til Høgskulen med å informere praksisstadane til studenten om TVEPS-praksis.
- Utforske ideane om å «rekruttere» også studentar som har TVEPS som ein obligatorisk del av studiet for å auke motivasjon.